



**Ørskog kommune**  
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: 030  
Saksmappe: 14/780  
Saksbehandlar: Synnøve Vasstrand Synnes  
Dato: 27.11.2014

## KOMMUNEREFORM - LOKAL PROSESS

SAKSGANG		
Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
116/14	Formannskapet	04.12.2014
094/14	Kommunestyret	16.12.2014

### Samandrag:

Saka gjeld lokal gjennomføringsprosess av kommunereformen.

### Saksdokument:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.07.2014	KS	Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS' medvirkning i lokale og regionale prosesser i en kommunereform
2	I	21.08.2014	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Oppstartsamling for kommunereformen 17. september 2014
3	I	27.08.2014	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Invitasjon til å delta i reformprosessen
7	I	15.10.2014	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal.
5	I	16.10.2014	Fylkesmannen	Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal
6	I	16.10.2014	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal

### Ikkje utsendte saksdokument:

Kriterier for god kommunestruktur – delrapport ekspertutval mars 2014.

### Saksgrunnlag:

Regjeringa har i Sundvolden-erklæringa frå oktober 2013 slått fast at det skal gjennomførast ei kommunereform der ein skal ha ein gjennomgang av oppgåvene til kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene og staten med sikte på å gi meir makt og mynde til meir robuste kommunar.

Bakgrunnen for reforma er mellom anna grunngitt med at det i Noreg i dag er 428 kommunar, at dagen kommunestruktur i all hovudsak har vore uforandra siste 50 åra samstundes som kommunane har fått lang fleire og større oppgåver. Det er soleis eit politisk ønskje om å ha ein brei gjennomgang av ansvars- og oppgåveløysing innan kommunesektoren.

## Målet for reforma er:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver

Desse fire måla skal ligge til grunn for kommunane sine vurderingar i prosessen fram mot vedtak våren 2016.

Regjeringa sette ned eit ekspertutval som i mars 2014 la fram sin delrapport. Denne rapporten peikar på ulike utviklingstrekk og kjem med tilrådingar for kva som bør ligge til grunn for ein god kommunestruktur. I arbeidet med kommunereform er det lagt til grunn at fylkeskommunane skal bestå. Det er såleis ikkje lagt opp til å fjerne fylkeskommunen då det er manglande politisk fleirtal for dette i Stortinget. Det er også lagt til grunn at kommunen framleis skal vere generalistkommunar, det vil seie å ha ansvar for alle kommunale tenester innan for sitt geografiske område. Ekspertutvalets har basert sitt arbeid på at kommunane sine hovudoppgåver er å vere tenesteyter, utøving av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena. For å sikre desse hovudsoppgåvene er det lagt til grunn ulike kriterier for ein god kommunestruktur. Dette er mellom anna at det er tilstrekkeleg kapasitet og distanse, relevant kompetanse, effektiv tenesteproduksjon, økonomisk soliditet, valfridom, funksjonelle samfunnsutviklingsområder, høg politisk deltaking og lokal politisk styring og lokal identitet.

For å sikre at kommunane også i framtida evner å ivareta sine hovudoppgåver på ein god måte tilrår ekspertutvalet at:

**Kommunane bør ha minst 15 000 – 20 000 innbyggjarar for å sikre god oppgåveløysing.** Dette for å sikre fagmiljø som er store nok til å takle stadig meir komplekse og spesialiserte arbeidsoppgåver og som har kapasitet nok til å ta svingingar i arbeidsmenge og behov.

**Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområde.** Dette er mellom anna grunngitt med at innbyggjarar og næringsliv lever sine daglege liv og opererer på tvers av kommunegrenser. Dette gjer at kommunens administrative grenser i liten grad er i samsvar med dei funksjonelle områda som ein må sjå i samanheng. Dette gjeld særskilt innafor planarbeid, der kvar einskild kommune har ansvar for sine planprosessar og gjennomføring.

**Staten bør redusere detaljstyringa og ordningar for politisk deltaking bør vidareutviklast for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer.** Ulike indikatorar peiker i ulik retning når det gjeld kommunestørrelse og demokratiske verdiar. Innbyggjarar i små kommunar har som oftaast større tillit til lokalpolitikarane, større forståing for lokalpolitikken og ei større vilje til å ta på seg politiske verv enn i større kommunar. På den andre sida har større kommunar som regel andre ordningar for medverking som til dømes lokalutval/bygdeutval. I tillegg er det fleire politiske parti som stiller til val i større kommunar. Utvalet peiker også på at større kommunar har ein større administrasjon som har større kapasitet og kompetanse som kan forberede politiske saker på en betre måte. Utvalet peiker samstundes på at det i kommunar med store geografiske avstandar kan bli ei utfordring å sikre politisk representativitet i kommunale organ og for politisk deltaking generelt.

## **Saksopplysningar:**

Fylkesmannen har fått eit klart mandat frå Regjeringa med å syte for at alle kommunane arbeider strukturert og målretta med kommunereforma og sikrar naudsynte vedtak lokalt som er i samsvar med vedtatt nasjonal framdriftsplan. Det er to ulike løp for kommunane. Eit «hurtigtog» for dei kommunen som har starta prosessen tidleg og som gjer vedtak om samanslåing innan hausten 2015. Då kan ein gjennom kongeleg resolusjon vedta/stadfeste samanslåing i løpet av våren 2016. Dei nye kommunane er det gjeldande frå og med 2018. Rådmannen meiner dette er lite aktuelt for Ørskog kommune.

For dei aller fleste kommunene vert løp 2 det mest aktuelle. Det er opplyst at alle kommunar i vårt fylke, så langt, ser ut til å satse på løp 2. Det vil seie at det må gjerast vedtak om eventuell kommunesamanslåing innan 1. juli 2016. Dei nye kommunane vert då gjeldande frå 1. januar 2020.

I vedlagt forventningsbrev er dei ulike fristane omtalt. Framdriftsplanen er oppdelt i tre ulike fasar:

**Fase 1 – Oppstart hausten 2014:** I løpet av hausten 2014 skal alle kommunar ha diskutert og gjort vedtak om korleis prosessen skal vere lokalt. Det vert veklagt å sikre god dialog og brei deltaking frå innbyggjarar, lag og organisasjonar. Det er særskilt viktig å involvere ungdommen. Slikt vedtak må vere gjort innan 31. desember 2014 og utløyer 200 000 kroner i tilskot til vidare arbeid med kommunereforma. Det skal utnemnast ein kontaktperson i kvar kommune. I 2014 har det vore to ulike møter i Ørskog kommune om kommunereforma; eitt ope møte i mai, og eit møte med kommunestyret, tillitsvalde og representantar frå ungdommens kommunestyre i november. Fylkesmannen sin representant har vore med i begge møta. Sunnmøre Regionråd er gitt ei rolle med å støtte kommunane med å legge til rette for ein god prosess. Det er mellom anna arrangert ulike møte og gjennomført ei innbyggjarundersøking. Også KS er engasjert i reformarbeidet, og deltek i ein tenketank saman med andre involverte.

**Fase 2 – Utgreiing 2015:** Dette året skal nyttast til utgreiing og forankring lokalt i kvar kommune. Kvar kommune skal levere ein statusrapport til Fylkesmannen innan 1. juli 2015. Det må takast særskilt omsyn til at det er kommuneval og at folkevaldopplæringa er retta inn i mot arbeidet med kommunereform. Ekspertutvalet kjem med sin sluttrapport 1. desember 2014. Denne rapporten vil ha ei vurdering av om kommunane skal få fleire oppgåver, og i så fall kva oppgåver. Dette blir lagt fram som Stortingsmelding våren 2015.

Sunnmøre Regionråd (SR) har eit utgreiingsarbeid på gang på vegne av alle kommunane på Sunnmøre. Rapporten vil bli ferdig i løpet av 2014, og vil samle relevante opplysningar og gi kommunane eit samanlikningsgrunnlag innan utvalde område. Det vil i tillegg vere aktuelt å nytte folkemøte, spørjeundersøkingar mm. Involvering av ungdom vert eit viktig element i reformarbeidet.

Ein må i utgreiingsarbeidet ha fokus på at kommunereforma skal bidra til å løyse utfordringar i 30-50 år framover. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utvikla eit verktøy med fakta om alle kommunar som er lett tilgjengelig for alle på nett: [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no). Dette verktøyet inneholder kriterier og faktaopplysningar som mellom anna Telemarksforskning har nytta i sine tidligare rapportar om kommunesamanslåingar.

Dermed er det lagt godt til rette for at alle kommunar skal kunne hente fram fakta til sitt utfordringsbilde på ein enkel måte.

**Fase 3 – Vedtaksfase våren 2016:** innan 1. juli 2016 skal alle kommunar ha fatta vedtak i kommunestyret om, og med kven, ein eventuelt vil slå seg saman med. Det kan også vedtakast at ein vil stå aleine som no. Fylkesmannen skal vurdere kommunane sine vedtak og vurdere dei opp i mot heilskapen i forhold til fylket og regionen. Fylkesmannen sine vurderingar av vedtaka i dei 36 kommunane i fylket vert oversendt til Kommunal og Regional departementet (KMD) innan 31.12.2016.

## **Saksvurdering og konklusjon:**

Regjeringa legg opp til at store endringar skal gjennomførast og at kommunen lokalt skal finne fram til dei beste løysingane ut i frå lokale tilhøve. For Ørskog kommune vil det beste vere å vere aktivt med i dei ulike prosessane som no er på gang. Rådmannen vil peike på at dette er eit stort og viktig reformarbeid som vil ha stor innverknad på mange samfunnsforhold i lang tid. Det er derfor viktig at ein legg til grunn eit fagleg solid analysearbeid før ein set i gang med å teikne nytt kommunekart. Arbeidet med å skaffe fram konkret informasjon, informasjonsarbeid, involvering og forankring vert derfor avgjerande viktig. Ei anna stor utfordring er å sjå lang nok fram. I dette reformarbeidet må ein tenke 30-50 år fram i tid. Kva utfordringar og mogelegeheter ser ein for i eit slikt tidsperspektiv, og korleis kan ein gjennom eit kommunereformarbeid sikre ei best mogleg samfunnsutvikling?

I denne samanheng må ein ha med at regjeringa signaliserer ei omlegging av inntektssystemet som støttar opp om målsetjinga med kommunereforma med færre og større kommunar. Forslag til nytt inntektssystem kjem i Kommuneproposisjonen våren 2016. Dagens inntektssystem kan difor ikkje leggast til grunn i vurderinga av kva for kommunar som bør slå seg saman.

Ekspertutvalget kjem med sin sluttrapport til regjeringa 01.12.2014. Denne rapporten inneholder ei vurdering om kommunane skal få fleire oppgåver, og i tilfelle kva slags oppgåver. Dette blir lagt fram i ei Stortingsmelding våren 2015. Det er viktig å presisere at om dagens oppgaveportefølje held fram, så er det meir enn god nok grunn til å jobbe med kommunesammenslåingar for å skape robuste kommunar. Om det kjem endå fleire oppgåver, må kommunane bli endå mer robuste og solide.

Arbeidet med kommunereforma vert eit stort og omfattande arbeid dei komande åra. Dei ytre rammene er gitt av Regjeringa, medan det konkrete innhaldet, utredningar, forankring og involvering skjer lokalt. Ein må lokalt ta stilling til følgjande:

- Organisering av arbeidet
- Informasjonsstrategi
- Korleis skal vi innhente faktagrunnlag

Rådmannen rår derfor til at det vert nedsett ei prosjektgruppe med politisk leiing, som får ansvar for å utarbeide ein konkret aktivitetsplan med milepælar, som sikrar at faktagrunnlag vert skaffa fram og at det vert sikra god informasjon og forankring blant eit breitt spekter av brukar- og interessegrupper for sikre eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med kommunereform i Ørskog kommune. Denne aktivitetsplanen kan og bør justerast etter kvart som prosessen går framover.

Eit slikt mindre utval kan lettare vere operativt enn eit samla formannskap. Formannskapet bør vere styringsgruppe, og kommunestyret skal ha jamnleg informasjon om status i arbeidet og vere tett på prosessen. Rådmannen bør vere kommunen sin kontaktperson opp mot fylkesmannen. Det bør i tillegg setjast ned ei referansegruppe der både Ungdommens kommunestyre, hovudtillitsvalde, næringslivet og evt. andre politiske oppnemnde råd og utval er representert.

Som grunnlag for aktivitetsplanen må det utarbeidast ein informasjonsstrategi der ein seier noko om korleis ein kan involvere alle innbyggjarar, lag/organisasjonar og tilsette, kva kanalar vi skal nytte, korleis skal vi informere og legge til rette for dialog etc.

Ein bør i arbeidet med aktivitetsplan med milepælar for kommunereformprosessen i Ørskog sikre at ein går nokolunde i takt med nabokommunar det er sannsynleg at ein vil diskutere samanslåing med. Det må difor opprettast kontakt med desse for å avklare felles vegval i prosessen. Vi må legge opp ein prosess lokalt med brei involvering og dialog, men vi må også legge opp ein prosess som er tilpassa andre kommunar si framdrift for om mogleg å

lege ein milepælsplan med felles beslutningspunkt/vurderingspunkt undervegs, samordne prosessar/høyringar og liknande med kommunar som er interessert i å vurdere samanslåing.

## Rådmannen legg saka fram med slik

### INNSTILLING:

1. Ørskog kommune vel å følgje tidsløp 2 med kommunestyrevedtak om eventuell kommunesamslåing innan 01.07.16. Eventuell ny kommune er gjeldande fra 01.01.20.
2. Det vert nedsett ei prosjektgruppe av ordførar (leiar), varaordførar (nestleiar) og rådmann som får fullmakt til å utarbeide aktivitets- og milepælsplan som sikrar involvering og informasjon. Prosjektgruppa rapporterer til formannskapet i kvart møte fram til 01.07.16.
3. Formannskapet er styringsgruppe, og skal konsulterast ved behov.
4. Det skal setjast ned ei referansegruppe med representantar for Ungdommens kommunestyre, andre politisk oppnemnde råd og utval, tillitsvalde og næringslivet.
5. Kommunereforma skal vere tema i kommunestyret i kvart møte fram til 01.07.16.
6. Rådmannen peiker ut kontaktperson og gir melding til Fylkesmannen.

### Behandling i Formannskapet den 04.12.2014

Trude Fimland Sjøholt sette fram følgjande forslag:

Punkt 4 vert endra til: *ei referansegruppe med 2 representantar frå UK, 2 frå andre politisk oppnemnde råd og utval, 2 frå tillitsvalde, 2 frå næringslivet og 2 frå lag og organisasjonar i Ørskog.*

Punkt 6 vert endra til: *rådmannen er kontaktperson og gir melding til Fylkesmannen.*

Forslaget frå Trude F. Sjøholt vart samråystes vedteken.

### FS-116/14 Vedtak:

1. Ørskog kommune vel å følgje tidsløp 2 med kommunestyrevedtak om eventuell kommunesamslåing innan 01.07.16. Eventuell ny kommune er gjeldande fra 01.01.20.
2. Det vert nedsett ei prosjektgruppe av ordførar (leiar), varaordførar (nestleiar) og rådmann som får fullmakt til å utarbeide aktivitets- og milepælsplan som sikrar involvering og informasjon. Prosjektgruppa rapporterer til formannskapet i kvart møte fram til 01.07.16.
3. Formannskapet er styringsgruppe, og skal konsulterast ved behov.
4. Det skal setjast ned ei referansegruppe med 2 representantar frå UK, 2 frå andre politisk oppnemnde råd og utval, 2 frå tillitsvalde, 2 frå næringslivet og 2 frå lag og organisasjonar i Ørskog.
5. Kommunereforma skal vere tema i kommunestyret i kvart møte fram til 01.07.16.
6. Rådmannen er kontaktperson og gir melding til Fylkesmannen.

**Behandling i Kommunestyret den 16.12.2014**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KS-094/14 Vedtak:**

1. Ørskog kommune vel å følgje tidsløp 2 med kommunestyrevedtak om eventuell kommunenesamslåing innan 01.07.16. Eventuell ny kommune er gjeldande frå 01.01.20.
2. Det vert nedsett ei prosjektgruppe av ordførar (leiar), varaordførar (nestleiar) og rådmann som får fullmakt til å utarbeide aktivitets- og milepælsplan som sikrar involvering og informasjon. Prosjektgruppa rapporterer til formannskapet i kvart møte fram til 01.07.16.
3. Formannskapet er styringsgruppe, og skal konsulterast ved behov.
4. Det skal setjast ned ei referansegruppe med 2 representantar frå UK, 2 frå andre politisk oppnemnde råd og utval, 2 frå tillitsvalde, 2 frå næringslivet og 2 frå lag og organisasjonar i Ørskog.
5. Kommunereforma skal vere tema i kommunestyret i kvart møte fram til 01.07.16.
6. Rådmannen er kontaktperson og gir melding til Fylkesmannen.

Rådmannen i Ørskog  
Synnøve Vasstrand Synnes

**Utskrift til:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal